

Andakt på Påskedag ved Kristian Myklebust,
sokneprest iVolda og Dalsfjord

Kristus er oppstaden! Ja, han er sanneleg oppstaden!



Kva gir menneska håp? Ikkje berre små-håp; dei treng vi også, verkeleg, og særleg no, men kva har fylt, fyller og kan fylle menneska med det verkeleg store håpet, håp vi ikkje kan leve utan? Håp som varer, håp som kan bere gjennom lange, tunge tider? Håp som gjer at vi kan halde fram, steg for steg? Håp som ikkje berre er mitt, men vårt?

Våren som kjem fyller menneska med håp. Ingen kunne vel leve i ein evig vinter, same kor glad ein måtte vere i skiturar og snø dagar. Til alle tider har menneska lyfta andletet mot sola, strekt på seg og kjent kor godt det er at våren er på veg. Snart spirar det, snart renn det i bekkane; snart er ikkje badegolvett mitt fullt av dryppande våte vinterdressar og vottar som ikkje ein gong tørkar over natta, snart kan vi gå ut utan jakke!

«Den heile skapning stundar, no fram mot sumars tid» syng vi i den salmen som for mange er vårteiknet i seg sjølv, «No livnar det i lundar.» Lat oss syngje den mange gongar denne våren! Våren si kraft fyller oss med nytt mot, og eg trur det er fordi livskraftene, ja Skaparkrafta sjølv, så tydeleg er på ferde, når det vert grønt og levande kring oss.

Barn som vert fødde fyller menneska med håp. Når alt dette er over, når orda «smittefare» og «avstand» ikkje lenger er dei mest brukte orda rundt oss; ein dag vi ikkje veit når kjem, berre at han kjem, då håper eg å ta med meg eit lite barn som vi går og ventar på heime hos oss denne våren, for å gå på besøk på institusjonane der vi vanlegvis brukar å ha andakter. Då har eg lyst å halde henne i armane, lese det vi les kvar gong det er dåp i kyrkja, om kor venleg Jesus tek i mot borna og opnar Guds rike for oss. Menneske forlet stadig denne verda, og vi sørgjer og gret over dei som fer frå oss, over døden si kraft mellom oss. Og, likevel: sterkare håpsteikn finst vel ikkje: Barn blir fødde heile tida, over alt på jorda, også denne underlege korona-våren. Barn fyller staden dei er på med glede. Sjølv sagt fyller dei også staden dei er på med mykje anna; med uro og bekymringar, med våkenetter og bråk og bleier og krangling og endelause haugar med skitne klede og.... men aller mest: Med glede, med håp, med ei tru på at det faktisk kjem ei framtid.

Jesu oppstode frå dei døde kan fylle menneska med håp. Som ikkje noko anna kan denne grensesprengande og utrulege hendinga gi verda eit håp; eit håp som strekkjer seg forbi den grensa vi kallar for døden. Kvinnene som kjem til grava i morgonlysninga i Jerusalem for snart 2000 år sidan kjem dit fordi dei har slutta å håpe. Dei har sett, med eigne auge, at han dei like gjerne kunne kalla for Håpet, har blitt teken frå dei. Jesus er død. Når Jesus er død, har dei berre ei grav å gå til. Ikkje eit håp, berre ei grav. Det dei møter denne lyse morgonen snur om på alt. Dei møter ei grav som er tom og eit svimlande, fantastisk spørsmål: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde?» Framleis veit dei ikkje kva som har skjedd, framleis ser dei berre stykkevis, framleis sit langfredag og smerta og sorga og døden og alt i dei. Men frå og med denne augneblinken vender håpet tilbake. Først sakte, seinare med stor kraft og med stor glede. Det som møter dei ved grava, endrar verda deira. Ikkje berre deira verd, men vår verd, vår verkelegheit; vår død, vårt